

# Ørsta Volda lufthamn Hovden

Ein føresetnad for bygging av ein  
attraktiv region på Søre Sunnmøre

Martin Foldal  
Ørsta Næringskontor



# Flyrutegruppa - Hovden

Flyrutegruppa vart oppretta i 2002 som ein konsekvens av at Ørsta Volda lufthamn Hovden vart foreslått lagt ned. Etter ynskje frå Søre Sunnmøre Regionråd har gruppa blitt utvida, og har no fylgjande medlemmer:

**Gudny Fagerhol** - ordførar i Ørsta

**Ragnhild Aarflot Kalland** - ordførar i Volda

**Hannelore Måseide** - ordførar i Ulstein

**Arnulf Goksøyr** - ordførar i Herøy

**Jacob Kjøde Jr.** - direktør ved Høgskulen i Volda

**Jon Erik Engeset** - adm.dir. Saferoad AS

**Terje Høybakk** - dagleg leiar MAFOSS

**Per Ernst Lundberg** - sekretær for Søre Sunnmøre Regionråd

**Martin Foldal** - Ørsta Næringskontor

Flyrutegruppa har som oppgåve å arbeide for betra tilbod for dei reisande over Hovden. Dette gjeld både rutetilbodet og mellom anna tilkomst, parkering og terminalfasilitetar.

Flyrutegruppa har faste møter med Widerøe som operatør, og ynskjer å være ein samspeelar i høve Møre og Romsdal Fylkeskommune sin luftfartsstrategi.

# Nedslagsfelt for Hovden 2010




Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Volda og Ørsta.

Søre Sunnmøre er ein felles bu- og arbeidsregion med vel 43.000 innbyggjarar.

Regionen har ein komplementær arbeidsmarknad med korte pendlaravstandar samanlikna med det sentrale austlandsområdet.

# Trafikk gjennom Eiksundsambandet

Køyretøy per døgn



MARITIM FORENING  
søse sunnmøre



Flyrutegruppa -Hovden




FOSNAVÅG  
SHIPPINGKLUBB  
-all maritim verksemd







# Utviklinga ved Hovden basert på spørjeundersøkingar mot næringslivet



# Godt belegg på flya



# NTP og Hovden




Avinor sin sektorplan frå 2006 inngår som ein del av grunnlagsdokumentasjonen for arbeidet med NTP for perioden 2010-2019.

Det låg ikkje inne i Avinor sitt mandat å utrede effektar av infrastrukturtiltak som Eiksundsambandet og Kvivsvegen.

Sektorplanen slår fast at dei regionale lufthamnene vil tape trafikk til stamflyplassane grunna kortare reisetid som følgje av betra vegar.

Den nye infrastrukturen (Eiksundsambandet og Kvivsvegen) i nedslagsfeltet til Hovden gir ei motsett effekt, ettersom det berre er vegane i nedslagsfeltet som er betra – ikkje sambandet til stamflyplassen.

# Reguleringsplanforslag på høyring



Forslaget inneber lenging av Torvmyrvegen og nye kryss i b e endar. Dette muliggjer betre tilh ve for offentlig kommunikasjon til flyplassen, og betrar tryggleiken ved   gi to uavhengige tilkomstlar for utrykningsk yrety.

# Søre Sunnmøre

## ein felles bu- og arbeidsregion

- Næringslivet tenkjer regionalt i høve rekruttering og omdømmebygging.
- Hovden er heilt nødvendig i høve rekruttering av kompetansesarbeidskraft til regionen.
- Med internasjonale eigarar blir Hovden strategisk svært viktig i forhold til å behalde FoU avdelingane i regionen.
- Hovden sikrar ein komplementær arbeidsmarknad.
- Næringslivet i Nordfjord har allereie før Kvivsvegen opnar auka bruken av Hovden grunna betre rutetilbod.
- Næringslivet i Nordfjord planlegg auka bruk av Hovden når Kvivsvegen opnar i 2012.

# Reisetider i august 2012

<b>Strekning</b>	<b>Km/Reisetid i dag (alle inkl. ferje)</b>	<b>Kvivsvegalternativet</b>	<b>Innsparing</b>
Volda - Nordfjordeid	36 km / 64 min	71 km / 62 min	2 min
Volda - Stryn	72 km / 94 min	57 km / 49 min	45 min
Volda - Grodås	62 km / 85 min	35 km / 30 min	55 min
Volda - Stranda (Festøy)	87 km / 120 min	91 km / 95 min	25 min
Volda - Stranda (Norangsdalen*)	93 km / 115 min	- " - / - " -	20 min
Byrkjelo – Sjøholt **	159 km / 3t 55 min	199 km / 3 t 20 min ***	35 min

Kjelde: Kvivsvegen AS

I tala for reisetid inkl. ferje er det tatt med 10 min ventetid på ferje



# Forventningar frå næringslivet i høve neste anbodsperiode

- Vi forventar at tilbodet til Oslo ikkje blir svekka.
- Tilpassing av første ferjeavgang Lauvstad-Volda slik at reisande frå Vanylven rekk morgonflya.
- Vesentleg betring i kapasiteten over Hovden mot Bergen. Tilbodet møter ikkje etterspørselen i høve frekvens og rutetider, og ein lyt reise over Vigra.
- Tilbod over Hovden nordover mot Molde og Trondheim.
- Flybuss som kommuniserer med ruter gjennom Eiksundsambandet.

# Kva ynskjer vi at fylket hugsar på?

- At ein i førre anbodsperiode for dei regionale lufthamnene ikkje tok høgde for effekten av Eiksundsambandet.
- At neste anbodsperiode startar i april 2012 og at Kvivsvegen opnar hausten 2012.
- At eit tilbod frå Hovden til Årø vil styrke Krohn Air ruta mellom Årø og Værnes.
- At Hovden ved opninga av Kvivsvegen i 2012 blir næraste flyplass for Stranda, Hellesylt, Stryn og Sjøk.

# Kva kan Flyrutegruppa å bidra med?

- Framskaffe trafikkprognoser for Hovden basert på gjennomførte granskingar mot næringslivet.
- Tekstframlegg og viktige moment i høve forarbeidet til neste **anbudsutlysning** for dei regionale lufthamnene.
- Tekstframlegg og viktige moment i høve arbeidet med fylkeskommunen sin **luftfartsstrategi** for neste NTP.
- Være eit øyre mot næringslivet i Nordfjord sine behov i lys av det nye nedslagsfeltet som oppstår i 2012.